



BRUSAND

Ved Brusand møter Jærstrendene det knauseste Dalanelandskapet. Bak sanddynebeltet finst ei stor brakkvannslagune, omkransa av tørreng, sump og lynchhei. Laguna heng saman med Fuglestadåna lenger nord.



Vaulen er ein stor lagune mellom stranda og riksveg 44 som kom til etter krigen. Brusand camping i framkant av bilete. Bak kan me sjå tettstaden Brusand og Bjårvatnet.

FUGLELIVET

Sanddyne- og lagunelandskapet er ein eineståande hekkeplass for mange fuglar, mellom anna raudlistearane fiskemåke og songlerke. Her finst og storspove, heipiplerke, enkeltbekkasin og fleire sporvefuglar. I hekkesesongen bør ein ikkje ferdist her. På sjøen utanfor stranda overvintrar sjeldne dykkarar, blant dei storlom.



Kystlynghei er ein av fleire vegetasjonstyper i og ved laguna.

PLANTELIVET

Landskapet rundt laguna er blant dei mest interessante og verdfulle plantelivsområda i landet. Stor variasjon i naturtypene gjer levekår for ei rekke trua og sjeldne plantar. Her veks strandkveke og orkideen purpurmari-

hand i stordynene og orkideen breiflangre på tørrengene. I våtengene finst orkideane myrflangre og engmarihand. Det unike plantelivet er svært sårbart for trakk. Alle må følgja stiane gjennom området.



Ved utlaupet av Fuglestadåna. Bekkeblom i forgrunnen.




"Hitlertennene" på Brusand vart bygt av tyskarane i 1942 for å stanse stridsvogner.

KULTURMINNE

Under siste krig frykta okkupasjonsmakta at allierte styrkar skulle gå i land ved Brusand. I 1942 blei det difor sett opp lange rekkjer med stein- eller sementblokker for å stanse stridsvogner. I dag vert desse blokkene kalla for "Hitlertenner". Ved Varden sør i området er det fleire spor etter anlegg frå krigen. Her finst også Varden sjøredningsmuseum med redningsbåten "Tryg" som var stasjonert ved Kvalbein frå 1894 til 1977.



Jærflangre trivst i tørrengene i bakdynene.



Storspove trivst i ope kulturlandskap.